

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga  
 Sak nr.: 16/1563-11

## **Søknad om midlar til ferjelem på Skorpa i Flora kommune**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Flora kommune får eit tilskott på 3,5 mill. kr til bygging av ferjelem på Skorpa. Det vert stilt som føresetnad at kommunen overtek fv. 553 som kommunal veg i den stand den er i dag.
2. Tilskottet vert finansiert med tilgjengelege driftsmidlar i 2018. Naudsynte endringar i driftsbudsjett 2018 vert vedteke i saka om tertialrapport 2/18 som går parallelt med denne saka.
3. Dersom Flora kommune ikkje ønskjer å overta fv. 553, vert det gitt eit tilskott på 2,5 mill. kr til bygging av ferjelem på Skorpa.

### **Vedlegg:**

- Søknad om midlar til ferjelem Skorpa – brev frå Flora kommune datert 24.5.2018.
- Notat til fylkesutvalet til møte 11. juni 2018 – Ferjelem på Skorpa i flora kommune

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Flora kommune har i brev av 24.5.18 (vedlegg) søkt om eit bidrag på 3,5 mill. kr til å finansiere utbygging av ferjelem på øya Skorpa i Flora kommune. Flora kommune har i følgje søknaden innhenta eit anbod på 7,0 mill. kr (inkl. mva.) og er klare til ein rask oppstart av prosjektet.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Flora kommune søkte 8.6.16 om inntil 3 mill. kr til etablering av ferjelem på øya Skorpa. Søknaden vart vurdert i HS-sak 41/16 Budsjett 2017/Økonomiplan 2017-2020 Samferdsle. Fylkesdirektøren for samferdsle si tilråding var at søknaden ikkje vart støtta då det ikkje vart funne rom for å gje tilskott til prosjektet innanfor ramma i budsjett for 2017. Det vart gjort følgjande vedtak i saka:

*Hovudutval for samferdsle ber Fylkesrådmannen/administrasjonen å gå i dialog med Flora kommune for å finne løysingar for å få på plass ferjelem på Skorpa (Florabassenget), slik at den kan innarbeidast i budsjettprosessen.*

I finansutvalet si behandling av sak 4/16 Budsjett/Økonomiplan 2017-2020 den 28.09.16 vart det gjort vedtak om følgjande oppfølgingspunkt, jf. pkt. 4.2:

*Finansutvalet ber fylkesrådmannen gå i dialog med Flora kommune for å finne ei løysing knytt til ferjelem på Skorpa.*

I FU 11.06.18 la fylkesrådmannen fram eit notat (vedlagt) om status og oppmoda FU om å vurdere vidare prosess for denne saka. FU bad i møtet om at det vart lagt fram ei sak med oppdaterte opplysningar og historikk.

#### Sentrale problemstillingar

Det har etter finansutvalet si behandling av sak 4/16 Budsjett/økonomiplan 2017-2020 den 28.09.16 vore dialog med kommunen om saka.

Det har frå fylkeskommunen si side vore signalisert eit ønskje om å finne ei samla løysing som inneber å omklassifisere fylkesvegen på øya til kommunal veg, og at dette vert kopla til eit fylkeskommunalt bidrag til ferjelem. I dag er det ei blanding av fylkesveg (fv. 553), kommunal veg og privat veg på Skorpa. Fylkesvegen er om lag 2 km lang. Både vegens trafikk og funksjon tilseier at dette bør vere ein kommunal veg. I følgje Flora kommune bur det 15 menneske på øya.

Etter veglova § 7 kan fylkeskommunen, etter at kommunen har uttalt seg, gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg. Dette kan i utgangspunktet ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningslinjer. Tidlegare har vi vorte samde med ein annan kommune (Gulen) om at dei vederlagsfritt kan overta ansvar for ein fylkesveg som ein del av ein avtale om finansieringsbidrag til eit nytt anlegg. Dette vart gjort i samband med at fylkeskommunen ytte tilskot til ny veg til Skipavika.

Vi har så langt ikkje kome fram til ei omforeint løysing på den her aktuelle saka.

Den 24.5.18 søkte Flora kommune likevel om eit bidrag på 3,5 mill. kr til å finansiere utbygging av ferjelem på øya Skorpa. Kommunen har i følgje søknaden innhenta eit anbod på 7,0 mill. kr (inkl. mva.) og skal vere klare til ein rask oppstart av prosjektet.

Flora kommune laga i mai -17 ein tilstandsrapport for fv. 553. Denne har m.a. taksert ei utbetring av vegen til omlag 3,7 mill. kr, ekskl. mva. Kommunen har også innhenta eit overslag på årlege driftskostnader på om lag 0,3 mill. kr.

Etter at fylkeskommunen fekk nemnde søknad, har det på nytt vore drøfta med kommunen om det er aktuelt med overtaking av vegen slik den ligg i dag, mot eit visst vederlag.

Fylkesrådmannen har vore innstilt på å tilrå ei løysing med kommunen som inneber eit tilskott på inntil 3,5 mill. kr til ferjelem (tilsvarande om lag 60 pst. av kostnad etter mva.-refusjon), under føresetnad at kommunen overtek ansvaret for fv. 533 vederlagsfritt.

Kommunen har signalisert at dei ikkje ønskjer å ta over vegen på slike vilkår og særleg ikkje dersom fylkeskommunen legg til grunn at det skal skje vederlagsfritt. Kommunen har ut frå fylkesrådmannen sitt framlegg til løysing foreslått at fylkeskommunen dekkjer inntil 2,5 mill. kr av kostnaden til ferjelem og at fv. 533 framleis skal vere fylkesveg. Vidare foreslår kommunen at innsparinga frå redusert tilskott kan nyttast til vidare drift av vegen.

#### Andre opplysningar

Det har tidlegare vore løyvd midlar til kaianlegg i Florabassenget og andre stader. I det følgjande gis ein kort historikk:

##### Kaianlegg i Florabassenget

- Bakgrunn : FT-sak 11/05 Kjøp av rutetenester i Florabassenget
  - Det vart gjort følgjande vedtak, jf. pkt. 2a: *Fylkeskommunen vil vurdere finansiering av investeringar til kaier og anlegg i samband med budsjettrevisjonen i juni 2005. Fylkestinget ber fylkesrådmannen forhandle med Flora kommune om moglege finansieringsløysingar.*

I vedlegget til saka var det skissert følgjande finansieringsplan for investeringar i infrastruktur og kaier.

**Tabell: Estimert på kostnader til oppgradering av kaiar ved å fase inn nytt materiell (mill. kr.) – 2004 prisar**

	<b>Prosjekt kostnad</b>
Kai Rognaldsvåg	5,50
Kai i Barekstad	5,00
Kai og innsegling på Skorpa (u. Ferjelem)	3,50
Kai og Molo på S. Nekkøy	1,30
Forlenging av Nærøy	0,35
Grunne – Færøy	0,15
Forstøningspunkt – Selvåg	0,15
Sikringstiltak – farleia	2,00
Ferjelem – fugleskjærkaia (ikkje forprosjekt)	2,50
Ferjekai – Fanøy	5,50
Utviklingsplanar øyar	1,00
<b>Sum</b>	<b>26,95</b>

**Tabell: Finansieringsplan**

	<b>Finansierings- Bidrag</b>
Statstilskot - S.Nekkøya	0,65
Kommunal medverknad S. Nekkøya	0,25
Privat Medverknad S. Nekkøy	0,40
Kystverket - Sikring – Farleia	2,00
Kystverket - innsegling/farleia – Skorpa	0,40
Fylkeskommunalt tilskott	12,50
Tilskot frå (KF Hamn og næring)	5,00
Flora kommune (2,8 mill. kr. løyvd i 2004)	5,75
Brukarbetaling	
<b>Sum finansiering</b>	<b>26,95</b>

\* Kaianlegg på Fugleskjærkaia/Fanøy er stipulert ut frå standardkalkyle for andre anlegg

- I FT-sak 19/05 Tertialrapport 1/05 var det løyvd 12,5 mill. kr i tilskott til kaianlegg i Florabassenget, jf. pkt. A-21.

#### Villevika

I 2010 og 2011 vart det nytta om lag 7 mill. kr til bygging av ferjelem i Villevika i Flora kommune. Bakgrunnen for at fylkeskommunen løyvde midlar var omsyn til skuleelev med spesielle behov for tilrettelegging og at alternativ skyss ville innebere store kostnader for fylkeskommunen og lang reiseveg for eleven. Her var det kommunal veg frå kai og til grense Bremanger før 2006. Etter tilråding frå SVV vart denne omklassifisert til fylkesveg i 2006.

#### Hisarøy

FT-sak 71/09 Båtrutetilbodet i Gulen og Solund vart det gjort vedtak om oppretting av kabelferje til Hisarøy frå 1.05.12. Kostnad til investering i infrastruktur var vurdert til 8 mill. kr. I åra 2012-15 er det investert om lag 22 mill. kr i prosjektet (løpande kroner). Det er fylkesveg fram til kaien. På Hisarøy er det kommunal veg. Fylkeskommunen står som eigar av begge kaiene på ferjesambandet.

#### Vederlag/avgifter i Florabassenget

Flora hamn KF har inntekter frå dei fylkeskommunale rutene på Fugleskjærkaia på om lag 0,8 mill. kr årleg (2017-tal). Dette er høvesvis 0,6 mill. kr i passasjer- og bilvederlag og 0,2 mill. kr i kaivederlag.

Flora hamn KF krev på vegne av Flora kommune inn passasjer- og bilvederlag på om lag 0,441 mill. kr (2017-tal) knytt til kaiene på øyane.

I tillegg krev Flora kommunen inn kaivederlag for øyane på 1 mill. kr. Dette vert fakturert Fjord 1, men fylkeskommunen dekkjer 0,5 mill. kr av summen etter eigen avtale med Fjord 1. Ved neste anbod må ein leggje til grunna at heile summen vert reflektert i anbodsprisen.

Ulike vederlag er meint å skulle gå til drift, vedlikehald og oppgradering av kaiar. Pr i dag genererer fylkeskommunal rutedrift monalege inntekter. Vi har ikkje fått framlagt noko rekneskap som syner at kaidrifta i kommunen er underfinansiert og soleis har behov for særskilte tilskot.

#### Vurdering av utbetring og drift av fylkesvegen på Skorpa

Statens vegvesen har gjort ei vurdering av kostnad med utbetring av fylkesvegen på Skorpa. Basert på mengdevurderingane i tilstandsrapporten som Flora kommune har fått utarbeidd vurderer Statens vegvesen kostnad med utbetring til om lag 3 mill. kr (inkl. mva.) Statens vegvesen sitt kostnadsoverslag for drift av vegen er berekna til 0,150 mill. kr årleg (inkl. mva).

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Fylkesrådmannen legg ut frå vedtaket i finansutvalet frå 28.09.16 til grunn at det er politisk vilje til å gi eit visst økonomisk bidrag til Flora kommune for å realisere ein ferjelem på Skorpa.

I søknaden frå kommunen er det oppgitt ein kostnad på 7 mill. kr inkl. mva. til utbygginga. Etter fråtrekk frå kompensasjon for meirverdiavgift vil prosjektkostnaden vere om lag 5,6 mill. kr.

I søknaden frå Flora kommune er det lagt opp til at fylkeskommunen skal bidra med 3,5 mill. kr.

Fylkesrådmannen sitt utgangspunkt er at dersom det skal prioriterast fylkeskommunale midlar til dette prosjektet, bør det også stillast krav til kommunen. Fylkesrådmannen meiner eit rimeleg krav er at kommunen overtek fylkesvegen på Skorpa.

Både trafikk og funksjon tilseier at dette bør vere ein kommunal veg.

Fylkesrådmannen meiner vidare at eit rimeleg bidrag, føresett at Flora kommune overtek fylkesvegen, vil vere at fylkeskommunen bidreg med 3,5 mill. kr mot at Flora kommune overtek vegen. Alternativt bør det fylkeskommunale bidraget reduserast til 2,5 mill. kr.

Fylkesrådmannen syner til saka om tertialrapport 2/18 som går parallelt med denne saka der det vert tilrådd ei løyving på 3,5 mill. kr til dette tiltaket.

### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at det blir gitt eit tilskott på 3,5 mill. kr til Flora kommune til utbygging av ferjelem på Skorpa. Det vert stilt som føresetnad for tilskottet at Flora kommune overtek fylkesvegen som kommunal veg i den stand den ligg i dag. Alternativt bør fylkeskommunen gi eit tilskott på 2,5 mill. kr.